

Som ordfører i nabokommunen er det hyggelig å ønske velkommen til Dombås og NM i skiskyting 2013. Spesielt vil eg rette ein takk til arrangør, alle dei friviljuge som deltek på dugnad, Skiskytterforbundet og deltakarane frå heile Noreg.



Vi i Lesja føler at dette arrangementet er hos oss og, det er vel eit godt teikn på godt naboskap kommunane i mellom. Skiskyttarmiljøet er vel eit av dei område vi samarbeider best på tvers av kommunegrensa, med flotte talentar frå begge kommunane. Difor var det naturleg for Lesja kommune å støtte prosjektet med ny stadion, like naturleg som det er for Dovre å støtte vårt store arrangement, Landskyttarstemne 2015. Mange av dykk deltakarane vil vi vel og finne på standplassen på Vidflotten, eg har skjont at fleire av dykk er aktive skyttarar når det ikkje er skiføre.

Skiskyting er ein fellesnemnar for Lesja og Dovre, kor ein har arbeid godt saman på tvers av kommunegrensa. Det er ein idrett som bind saman alle gode krefter frå kommunane, noko vi ser no som ein skal arrangere NM-skiskyting i 2013. Tora kunne vel knapt funnet eit betre år å kome heim på, enn i år. Lars kjem vel også, og som vanleg kan han overraske stort i mesisterskapet. Alle som vil sjå våre store stoltheiter bør ta turen til Dombås i perioden 19. til 24.mars, ikkje minst for å heie dei fram til gode plasseringar i NM.

Kva har Tora, Lars, og ordføraren i Lesja til felles?

Ein skal ikkje skryte på seg noko ein ikkje har, men det er ikkje på det idrettslege plan at vi har noko felles. Men eg trur vi har hatt gode oppvekstvilkår i Lesja/Dovre, gode aktivitetar for barn og unge, ein god skulegang og eit godt samhald på tvers av generasjonar.

Eg vil ynskje Dombås Idrettslag, skiskyttargruppa, til lykke med det nye anlegget og NM 2013.